

Landsorganisasjonen

**STOPP rasing av Kysten!**



Til :

Olje og Energidepartementet  
NVE  
Miljøverndepartementet

Adresse : Moloveien 2, 6083 Gjerdsvika  
Telefon : 91699612

*Kopi til :*

Direktoratet for Naturforvaltning  
Nordland Fylkeskommune  
Fylkesmannen i Nordland  
Andøya Kommune

[www.vernkysten.no](http://www.vernkysten.no)



Gjerdsvika den 4.2.2007

## **ANKE PÅ VINDKRAFTKONSESJON GITT TIL ANDMYRAN VINDKRAFTVERK.**

Dykkar ref : NVE 200304739-150

Visert til vårt brev datert 3.1.07, der vi varsla anke av konsesjon gitt 19.12.06.  
Vi har no gått igjennom NVE sitt grunnlag for å gi konsesjon til prosjektet på Andmyra

**Vår totalvurdering av NVE si handsaming av denne konkrete konsesjonssaka, er at dei på ei lang rekkje kjende problemområde knytt til vindkraft, konsekvent overser og tilbakeviser andre tunge høyringsinstansar sine innvendingar, og kome med påstandar om at det som vert oppfatta som eit problemområde, faktisk vert framstilt som eit positivt element frå NVE si side. Eksempel på dette ser vi mellom anna på områda landskap, natur og fugl, reiseliv, friluftsliv, samfunnsmessige verknadar etc. På dei få områda der NVE innrømer at konsekvensane er negative, ser det for oss ut som dette likevel ikkje vert vektlagt i den totale vurderinga. Med ei slik systematisk underkjenning av andre faginstansar sin kompetanse, og kombinert med ein manglande evne til læring frå samanliknbare vindkraftprosjekt i inn og utland, er det ikkje rart at NVE landar på ein konklusjon som munnar ut i eit positivt konsesjonsvedtak.**

NVE har i sin argumentasjon ei einseitig fokusering på ” gode vindressurser, og lokal kraftballanse” . Alle andre forhold verkar uviktige for konsesjonsgivaren NVE.

**Vi ber Regjeringa ved Olje og Energidepartementet eller settedepartement om å gjere ei ny vurdering av konsesjonen gitt til Andmyran Vindkraft med bakgrunn i fylgjande dokumenterte forhold ,og ber om at konsesjonen vert trekt tilbake.**

Vi vil her kommentere dei sidene ved saka som har innverknad på totalvurderinga av tiltaket :

## 1. Vindkraft i Norge.

Planar om vindkraftutbygging i Norge har kome heilt ut av kontroll. Stadig vert det meldt nye vindkraftverk inn til NVE. Norgeskartet vert saumfare etter område der det finst ei kraftledning i nærleiken. Lokalbefolkninga får morgenkaffien i vrangstrupen når dei les i lokalavisa at store gigantiske vindkraftverk er planlagt rett utanfor kjøkenglaset (NVE har no sjølv omdøpt dei frå vindparkar til vindkraftverk). Planane slår ned som lyn frå klar himmel. Denne aktiviteten tek kvelartak på lokalsamfunn etter lokalsamfunn. Ein kan risikere at investeringar stopper opp, fråflyttinga vil auke, verdien på eigedomane vil verte redusert (undersøkelsar i Danmark viser 25 – 30 % nedgang i bustadprisen). Vindkraftverka har ein forsvinnande liten sysselsettingseffekt i driftsfase, sett i høve til dei store investeringane. Dei vil på dei fleste stadar ikkje vere positivt avgjerande for busetting. I område med stor mangel på arbeidskraft kan dei like gjerne verte ein trussel mot busettinga då viktige landskaps og naturverdiar vert øydelagde.

Vindkraft er ein dansk draum , som enkelte norske politikarar og NVE har teke til sitt bryst. Danskane derimot, har kome til erkjennelsen at den ”nye generasjonen” vindkraftverk ikkje er ønska i områder der det bur folk. Dei vil no i stor grad flytte dei ut av synet, langt ut i havet,- og til Norge ? På dansk jord er det berre bygd nokre svært få turbinar dei siste 4 åra. Konfliktene har vorte for store.

”Væk fra baghaver, landskaber og kyste og så langt du til havs at de ikke kan genere helheden” skreiv Jyllandsposten om plasseringa av ”monstermøllene ”på lederplass for nokre dagar sidan. Etter tredve år med vindkraft er ikkje motstanden stilna i Danmark, tvert imot.

I Norge er vindtilhøva, topografi, fugleliv, reiseliv, urøyvd natur og energisituasjonen, heilt ulik dei danske forholda . - Dette gjer at vi har grunn til å vere endå meir forsiktige med det vi gjer på vindkraftområdet her i landet.

Det er viktig å innsjå at vindkraft er klimavenleg energi, men ikkje nødvendigvis miljøvenleg energi . For at den skal vere miljøvenleg, må den lokalisrast deretter.

**Etter vår oppfatning, er ikkje norsk lovgiving tilpassa utbygging av vindkraft.**

## 2 . Økonomisk risiko ved vindkraft i Norge

Vi har ein del erfaring med vindkraft i Norge gjennom dei siste 7-8 åra.

Det er ei kjend sak at det ikkje vert bygd eit einaste vindkraftverk om ikkje skattebetalarane pungar ut med subsidiering gjennom straumrekninga.

Sjølv med ei slik subsidiering er ingen garantert at eit vindkraftverk vert nokon økonomisk suksess for utbyggerane eller samfunnet. På grunn av den svært komplisert konstruksjonen i ein moderne vindturbin, er sansynlegheita stor for at ein får havari på utstyret. Og då har det ofte vist seg at det er dei mest kostbare delene som havarerer, nemleg girkassa som utgjer ein vital del av anlegget. Girkassa på ein turbin på 2 MW har ei vekt på ca 20 Tonn og står plassert 100 meter oppe i lufta. På ei 5 MW turbin veg den same delen heile 60 Tonn.

Total vekt for heile konstruksjonen inkludert betongfundament, kan kome opp i 260 Tonn på ein 2 MW turbin.

Dette er altså konstruksjonar som har svært lite til felles med vindkjeglene vi leika med som barn, eller dei gamle vindmøllene dei hadde i Danmark, på Øland og i Holland . Vi finn grunn til å peike på dette, då berre eit fåtal nordmenn veit særleg mykje om kva som rører seg i ein ny vindturbin i denne storleik, langt færre tenkjer på kva påkjenningar dette utstyret vert utsett for når orkanane herjar norskekysten , med turbulente vindar som slår som kanonkuler inn i husveggar , og også inn mot vengane og utstyret som er inne i vindturbinane. Det er ei nærmast uovervinneleg oppgåve å konstruere gir og anna utstyr som kan motstå desse kreftene over tid.

Dette er bekrefta av fleire ingeniørar som arbeider med girkonstruksjon både i Norge og Danmark. Og om ein skulle finne ei løysing, er den truleg for kostbar, sidan tilvirkningspris allereie er ei stor utfordring for vindkraftindustrien.

Utbyggar må i staden stole på at produsenten av turbinane ikkje går konkurs i garantitida ( ei reell mulegheit med dei dårlege økonomiske resultata dei har vist ), og at eit forsikringsselskap tek på seg å forsikre anlegget. Men alt har sin pris.

Eit girhavari har så store økonomiske konsekvensar for ein vindturbin, at det tek 7 års kraftproduksjon å tjene det inn igjen, vert det sagt i Danmark. Og dersom då giret ryk etter 1-2 år, er det all grunn til å sjå nøye på den økonomiske risikoen ved norsk vindkraft.

Vi er sjølvsagt kjende med at det eksisterer spesielle vindturbinar utan gir. Då innfører ein i staden ein tilsvarande meir komplisert og langt større, tyngre og dyrare generator. Teknisk sett langt betre enn girløysing, men med andre nemnde ulemper, og er derfor lite brukt .

NVE og utbyggar opererer med ei levetid på meir enn 20 år på turbinane. Dette er etter vårt syn alt for optimistisk, sett i lys av dei erfaringane ein i dag har med slike anlegg i Norge og Danmark. Mange har hatt totalhavari etter 1 til 2 år, og enkelt har havarert før dei har kome i regulær drift. *Vindkraftteknologien er teknisk sett umoden, sjølv i 2007.*

## **VINDRESSURS**

Vi synest at NVE overvurderer og feilvurderer vindkraftressursane i Norge. Ein av grunnane kan vere at for sterk vind ikkje er ønskeleg for vindturbinane, då må dei ”stanse ” og dei produserer då ingen straum . Ujamm vind og turbulens er ei sterkt medvirkande årsak til havari. NVE har sjølve peikt på dette i tidlegare rapportar, og desse havaria hemmar sjølvsagt kraftproduksjonen. Det er ikkje gjort over natta å få tak i ei ny girkasse på 20 Tonn, og få den på plass i ulendt terreng 100 meter oppe i lufta.

Vi viser her også til Professor i metrologi Sigbjørn Grønås ved geofysisk institutt ved UIB, som i ein artikkel om vindkraft i tidsskriftet Cicerone nr 6/2005 påpeikar at :

- 1 . Vindressursane i Norge er generelt dårlegare enn i Danmark.
- 2 . Langt meir av skadeleg turbulent vind og svært stor variasjon i vindforholda samanlikna med Danmark.
- 3 . Ekstrem vind opp til 1,5 gang så kraftig som i Danmark . Dette fordyrer anlegga, og aukar risikoen for havari betydeleg.

**NVE har vore med på å skapt ein myte om gode vindressursar i Norge.**  
– **Sterk vind er ikkje nødvendigvis god vind i denne samanheng.**

## **OFFSHORE, FLYTANDE VINDTURBINAR**

Professor Grønås peikar også på eit langt betre alternativ enn plassering i kuppert norsk terreng, nemleg plassering offshore, som det no også vert gjort i Danmark.

Det vert no jobba aktivt for å utvikle flytande vindturbinar som kan ankrast opp langt ute i havet. Der er vindressursane endå betre enn inne langt kysten, og ein har mindre turbulens som er svært skadeleg for vindturbinane. Dertil trur vi at med den fleksible oppankringa vil ein der få langt mindre problem med gearhavari, då tårnet ligg og flyt, kontra den massive innfestinga i fjell som ein brukar på landjorda. Dei øydeleggande sjokkbelastningane på giret vert dermed langt mindre.

### **3. Erstatning**

Med sin handlemåte frårøver NVE grunneigarane, huseigarane, fritidshuseigarane, næringsbyggeigarane og andre muligheita for å kreve erstatning for sine tap på grunn av bygging av vindkraftverk. NVE sier: ”Kompensasjon er et privatrettslig forhold som må løses gjennom minnelig ordninger mellom grunneiere og utbygger eller gjennom et skjønn som følge av en ekspropriasjonssak ”. Her angir NVE at det er det avgrensa planområdet som har rett til erstatning. Alt som ligg utanfor dette begrensa planområdet, der skal den enkelte bere tapet sitt sjølv. Dette er eit forhold som i seg sjølv bør prøvast for Høgsterett.

Vi stiller også spørsmålsteikn ved måten NVE åpnar for ekspropriering på. Vi meiner dette er i strid med lov om ekspropriasjon. Mange vindkraftselskap har delvis utenlandsk eie. Ved den ekspropriasjonsretten NVE besitter i disse sakene, gir de også ekspropriasjonstillatelse til delvis utenlandske rettssubjekt.

#### **Konklusjon:**

**Med sin handlemåte, frårøver NVE grunneigarar, bustadeigarar, fritidshuseigarar, næringsbyggeigarar o.s.v. muligheita for å kreve erstatning for sine tap fra utbygger.**

### **4. Landskap.**

Her framfører NVE den same argumentasjonen som om dette skulle vere det første vindkraftanlegget som skal byggast her i landet. Pr. dato er folk sin kunnskap om vindkraft vesentlig høgare enn for få år sidan, på grunn av folkeopplysning frå miljøvernorganisasjonane, dei lokale gruppene i lokalsamfunna, Næringslivets kystaksjon, enkeltpersonar, og vår organisasjon SRAK med sine 18 lokale grupper langs kysten.

NVE på si side måtte etter gjentatt press frå oss, nyleg innrøme overfor Teknisk Ukeblad at dei i årevis har dreve med feilinformasjon gjennom sin fagrapport ” Vindkraft- en generell innføring” . Her vert dei negative virkningane av vindkraft bagatellisert.

Men sjølv om NVE overfor T.U. innrømer feilinformasjonen, har dei til dags dato ikkje gjort noko for å rette dette opp, ei heller gi oss eit svar på vår henvendelse. Framleis kan norske politikarar og folk flest lese på heimesida til NVE at ” det er ein myte at vindturbinar drep fugl ” og så vidare.

**Det er forsøkt frå utbygger, dei konsulentfirma dei har leigd inn, og frå NVE, å bagatellisere virkningane ved bygging av vindkraftverk. NVE seier:**

*”Mange har et ønske om at det skal skje en utvikling som er med å trygge bosetting og industri i distrikt-Norge, og et vindkraftverk kan være et skritt i riktig retning”.*

-Kva grunnlag har NVE for å meine noko slikt, eller bruke ordet **kan** som ein skjult agenda for å fremme skadelig vindkraftutbygging ?

Og vidare: *”NVE konstaterer at vindkraftverket kan oppfattes som et positivt element i landskapet og fremstå som arkitektoniske monumenter, symboler på ren energi og på økt aktivitet”.*

- Dette er ei oppfatning som NVE er nokså åleine om å meine, ei teknokratisk haldning.

Og vidare: *Andre synes rett og slett at vindturbiner er arkitektonisk vakre og enkelte har fremstilt vindturbiner som både ”vindmølleblomster” og ”ballettdansere”.*

Vi kjenner til at det er kun *ein* arkitekt som har uttalt ”vindmølleblomster”, og at det kun er *ein* 82 år gamal mann på Smøla som har uttalt ”ballettdansere”.



” Moderne ballettdansere på Andøya ”

- At NVE vel å vektlegge slike spesielle synspunkt frå enkeltpersonar, talar for seg sjølv.

At sakshandsamarane på denne måten ”privatiserer” dette viktige temaet , er svært urovekkande og lite profesjonelt. Korleis vi skal forvalte den enorme verdien kysten vår representerer for lokalbefolkning og for andre næringar er ikkje ei privatsak , men ei viktig samfunnsak som knapt nok har vore drøfta. Ein kan lure på om sentrale politiske organ eigentleg har skjønna rekkevidda og landskapskonsekvensane av dei nye energimåla som er sette.

For dei fleste som har sett seg inn i vindkrafta sitt vesen, har kome fram til at vindkraft er enorme industrianlegg som vert plassert ut i stort sett uberørt og sårbar natur. Derfor er det ikke der kraftlinjen, veiene, kaiene er å finne o.s.v som skal være de viktigste momenta for etablering av vindkraftverk. Dette er dei momenta som må kome i siste rekkje.

**Folkerøysting og underskiftsaksjonar har i 2006 synt at så mykje som 75 % av det norske folk er imot vindkraftutbygging. Dette er eit uomtvisteleg faktum som det må takast langt sterkare hensyn til enn kva ein 82 –åring på Smøla måtte meine.**

Landskapet på Andøya er særegent, en strandflate med store myrområder mellom fjellfoten og sjøen. Det er få slike plasser i Norge. Det er en slik myr det planlagte vindkraftverket kommer til å legge beslag på. Derfor blir Norges største sammenhengene myrkompleks ødelagt, en myr som er en svært sjelden hav til hav-myr. *Deler av denne myren er fredet etter Ramsarkonvensjonen.*

DN kar klassifisert vindkraftanlegget til D med mulig endring til C etter avbøtende tiltak.

**Vi viser også til Statsråd Odd Roger Enoksen sin uttalelse i Stortinget den 3. mars 2006:**

*”Det er viktig for meg å understreke at de tematiske konfliktvurderingene og retningslinjene kommer i tillegg til en omfattende behandling etter energiloven og plan- og bygningslover”*

Viser til: 1. Bernkonvensjonen, 2. Ramsarkonvensjonen og 3. Den europeiske landskapskonvensjonen.

### **Konklusjon:**

**Andmyran vindkraftverk vil industrialisere store deler av Andøya, og på de synlige områder fra naboøyene (Senja, Hinnøy og Grytøy). Verdien ved å ha Norges største myrkompleks går tapt. Verdien for øvrig av det uberørte landskapet blir vesentlig forringet, og kommer i konflikt med de ovennevnte konvensjoner. Verdien av Nasjonal turistveg på vestsiden som fortsetter med ferjereisen til Senja, får redusert verdi.**

## **5. Kulturminner og kulturmiljø.**

I henhold til DN sin tematiske konfliktvurdering har de satt karakteren C på dette område. Undersøkelser etter kulturminneloven §9 er ikke foretatt og NVE legger til grunn at en reguleringsplan kan godkjennes dersom undersøkelsene foretas før bebyggelsesplan bli vedtatt. Ei heller har sametinget levert utredning og en vil minne om at samiske kulturminner over 100 år er automatisk fredet. Andøya er et av de stedene i Norge som ble tidligst isfritt og en regner med at det kun er manglende undersøkelser som gjør Andøy relativt fattig på kulturminner eldre enn bronsealderen. Like utenfor planområdet er det likevel funnet både hustufter og ikke minst båtgraver.

Det er her å merke seg at det er det snevre planområde som blir drøftet i konsesjonsutredningen (omtrent det vindturbinene og veiene er plassert). Vindkraftverket vil virke skjæmmende på kulturminner og kulturmiljøer langt utenfor dette område.

Det er å merke seg at DN mener at verdiene er høyere enn det som fremkommer i fagutredningene. Vårt spørsmål blir da: Er de innleide konsulentfirmaene bedre til å vurdere dette enn DN med sin fagavdeling som har detaljkjennskap til området?

NVE foreslår at vindturbinene må plasseres slik at de ikke direkte ødelegger kulturminnene. Etter vår, og av de fleste andre sin oppfatning, blir alle kulturminner inne i planområdet og i nærheten sterkt forringet.

Viser også til: Verdensarvkonvensjonen.

### **Konklusjon:**

**Andmyran vindkraft vil sterkt redusere verdien av kulturminner og kulturmiljøer. Det må her legges vekt på DN (riksantikvaren) sine vurderinger (C) , enn på de innleide konsulentfirma av utbygger. Vindkraftverket kan også komme i konflikt med ovennevnt konvensjon.**

## 6. Berørt befolkningsmengde

Vindkraftverket blir beliggende langs hovedveien til Andnes, rv 82, som følger strandlinjen på østsiden av Andøy. Bebyggelsen ligger langs 8 km av denne veien og det er 50-200 m fra rv. 82 til Andfjorden, de fleste stedene rundt 50 m. Antall personer som bor på strekningen er ca 150. I henhold til KU skal inngrepet vurderes i forhold til berørt befolkning. Hverken AV eller NVE nevner hvor mange boliger eller personer som bor innenfor 700 m fra nærmeste turbin. Nærmeste hus er beliggende 516 m fra en turbin. Hele bebyggelsen vil ha støynivå over 49 Lden samt skyggekast 3 ganger anbefalt norm i Sverige. NVE sier at dette er akseptabelt. Det er en medeier av selskapet som har foretatt beregningene. Når det samtidig er så kort avstand til fjorden, har befolkningen i realiteten ingen mulighet til å finne et stille sted i sitt nærmiljø.

### Konklusjon

**Andmyran vindkraftverk vil være meget sterkt belastende for befolkningen. Belastningen vil gå ut over helsen og vil føre til fraflytting. Tre bygder vil bli ødelagt. Vi etterlyser et regelverk vedrørende skyggekast (forskrift til forurensingsloven). Flere innbyggere har allerede varslet at de vil flytte fra Andøy kommune dersom vindkraftanlegget blir en realitet. NVE har ikke vurdert de samfunnsmessige konsekvensene om dette skulle skje. Eiendommene til de som skulle ønske å flytte, kan bli verdiløse.**

## 7. Naturmiljø – Fauna

NVE har et enkelt syn på fugl, de kan bare flytte til et annet sted. Derfor ser de på dyre- og fuglelivet som på mennesker. Men dyr og fugl er ikke slik, blir leveområdet deres tatt, vil bestanden bli utradert. Her er det å se på den erfaringen som er inne i Smøla vindkraftanlegg. Det må det legges betydelig vekt på den nye Norsk Rødliste 2006, der det kommer frem at antall truede og sårbare arter er økt betydelig. I planområdet er det registrert svaner, lomfugler og rovfugler. Alle disse fuglene er ekstremt sårbare for denne type inngrep. Andøy er også siste stopp for store gåseflokker før de setter veien mot hekkeområdene. DN ba om tilleggsutredning på fugl, noe som ikke ble etterkommet.

NVE sier i sin kommentar: ”I andre land med lengre erfaring enn Norge med vindturbiner, er det erfart at konflikten mellom fugl og vindturbiner normalt er beskjedne. Fugl kolliderer sjeldent med vindturbiner. Dette utsagnet forstår vi ut i fra den informasjon NVE har på sin hjemmeside om fugl og vindturbiner, men sannheten er noe helt annen. For det første kan ikke Danmark, og landene nedover i Europa sammenlignes med Norge. I disse landene er stort sett rovfuglene utryddet. Det må nok se hen til det som skjer på Smøla, der vindkraftanlegget allerede har gjort stor skade på fuglelivet. NVE har heller ikke vurdert trekkfuglene som mellomlander i planområdet hvert år.

Andøy er forsynt med et stort antall små elver som fører egen stamme av anadrome fiskeslag. Alle elvene i planområdet har sin laksestamme, og elvene blir tatt vare på av lokalbefolkningen slik at disse stammene får levelige forhold. Norge har et eget ansvar for den *Nordatlantiske laksen*. Dessuten er det ikke oppdrettsanlegg som kan forurense laksestammen i umiddelbar nærhet.

Viser til: 1 : FN-konvensjonen om biologisk mangfold, 2: Bernkonvensjonen,  
3: Bonnkonvensjonen , 4: Norsk Rødliste 2006,  
5: Bilateral avtale mellom Norge og Skotland vedrørende gås.

### **Konklusjon:**

**Andmyran vindkraftverk vil gjøre betydelig skade på fuglelivet, både når det gjelder standfugl og trekkfugl. Det er flere rødlistede arter i området. Det er ikke slik at det er bare planområdet som berører fuglelivet, men store områder rundt. Vindkraftverket kommer i konflikt med de ovennevnte konvensjoner.**

## **8. Naturmiljø – Flora.**

Området består av intakt eksentrisk høgmyr som er internasjonalt sjeldan, og er ein sterkt trua naturtype. Deler av denne myra kviler på fjellformasjon danna i Jura-kritt-perioda. Ramsa-feltet er den einaste staden i fastlands-Norge som har bergrunn frå denne perioda. Her er det tidligare funne fossil av fiskøgle. Dette skulle i seg selv være nok til å ikke gi konsesjon til vindkraftverket. Internasjonalt har Norge forplikta seg på å ta vare på dette naturmiljø. DN har satt D som samla konfliktnivå. NVE seier at dersom denne myra vert teken ut av planområdet, vil prosjektet ikkje vere lønnsomt. -Dette viser tydelig at NVE kun tek økonomiske hensyn og tilsideset fagekspertisen sine merknadar.

Spesielt om myr. Eit av argumenta til utbygging av vindkraft er å begrense utslepp av klimagasser. Uberørt myr er ein svært viktig ressurs som bind CO<sub>2</sub> frå atmosfæra. Dersom det vert sleppt oksygen til ei myr, vil CO<sub>2</sub> verte frigjort, samtidig som andre viktige klimagassar (metangass og lystgass) vert sleppt ut . Å foreta så store inngrep i myr som gjev store utslepp- for å spare forurensing av klimagasser, er meiningslaust.

Vedrørende vindkraftverk plassert på myr med ei djupte på ukjent antal meter : Storparten av myra er svært våt, noko som medfører at utbyggar må foreta store masseutfyllingar av områda for veiar, turbinfundament og oppstillingsplassar. På grunn av fundamentering av turbinene (på lausmasser) er det overhengande fare for at aurdeller vert punktert og at området får endra vassbalanse. Dette kan medføre ein total endring av floraen i området, auka fare for flom, og fare for at dei små lakseelvane vert øydelagt. Kan også få betydning for drikkevassleidninga som går gjennom området.

### **Konklusjon:**

**Andmyran vindkraftanlegg vil øydelegge store områder av den Internasjonalt svært sjeldne eksentriske høgmyra. Dette strider imot Norge sine forpliktelsar til å bevare slike områder. Dette skulle være nok til å ikkje gje konsesjon til vindkraftanlegget.**

## **9. Friluftsliv**

NVE konstaterer at friluftslivet blir negativt påverka av visuell påvirkning, støy og skyggekast. Dette er heilt rett. Det er umuleg å kalle det friluftsliv, det å ferdast i og rundt eit stort industrianlegg i bevegelse, med støy, skyggekast og refleksblink. NVE foreslår i tillegg

at den eneste åpne fjellvei på nordre Andøy, Breivik fjellvei, skal stengast med bom. Dette begrenser sterkt befolkninga si mulegheit til å bruke eit av Andøyas finaste fjellområder. Samtidig vil utbygginga av Andmyran framprovosere ei flytting av radar (Forsvaret og Avinor) som vil fråta folket på Andenes den siste uberørte fjelltoppen til turterreng.

### **Konklusjon:**

**Andmyran vindkraftverk vil være øydeleggende og begrensande for friluftslivet i vindkraftverket, i fjellet vest for vindkraftverket og i dei synlege områda til denne. Vil også skade verdien for dei reisande på Nasjonal turistvei.**

## **10. Reiseliv.**

Fagutgreiinga frå utbyggar seir fylgjande: ”Erfaringene fra Smøla viser at etablering av vindkraftverket og stor satsing innen reiselivsnæringen kan på samme tid gi en økning i turismen”.

Dette er rett når ein reknar desse gruppene som turistar : deltakarane på NVE sine vindkraftseminar, alle kommunedelegasjonar som kjem på befaring i forbindelse med planar om vindkraftutbygging i sin kommune, overnatting i forbindelse med utbygging.

***Kva har skjedd etter vindkraftutbygginga på Smøla ?*** I 2002 var folketalet 2329, og i 2005 var det 2192. Det vil sei ein nedgang på 137 personar (6%). Det vi kan lese ut i frå dette, er at det er større prosentvis nedgang i folketalet etter vindkraftutbygginga. Tilsvarende tal kan ein finne i dei kommunene som var fråflyttingstrua før utbygging. Alle har fortsatt tilbakegangen etter åpning av det lokale vindkraftanlegget. Kvifor vert det ikkje stilt spørsmål ved desse realitetane ?

Her er det å merke seg at Reiselivsnæringa sjølv sier at vindkraftutbygginga er skadelig for deira næring. Då vert spørsmålet fylgjande: *Er NVE betre til å vurdere dette enn ei samla reiselivsnæring?*

NVE, utbyggarane, konsulentfirma viser heile tida til ordføraren på Smøla. - *Vi vil derimot spørre NVE om kva reklameeffekten er for naturbasert turisme av alle dei havørnane som vert drept av vindturbinane på Smøla.*

Reportasjen ”Engler med skit på vingene” vil gå på alle dei store TV kanalane rundt omkring i verden. Den einaste form for turisme Smøla kan få i framtida er fisketurisme, der dei har som mål å ta opp mest mulig fisk, for å ta med seg heim. Det same gjeld for Hitra. Dette er ikke bærekraftig reiseliv, og det er allereie innført restriksjonar på kor mykje fisk som kan takast med heim. Alle seriøse undersøkelser har vist at reiseliv og vindkraftutbygging ikkje kan leve side om side. Reiselivsnæringa er ei lokal vekstnæring med kysten som det berande elementet.

NVE konstaterer at det meste av reiselivsaktivitetene er konsentrert på Andenes 10 km fra vindkraftverket, og konkluderer derfor at virkningene for reiseliv og turisme derfor anses å være moderate. Her er det også samme retorikken ”at det ikke er sannsynlig eller at det anses”. Reiselivet i Andøy kommune reklamerer med at lengst nord i Vesterålen og Nordland, på 69 grader nord og ytterst mot havet, ligger Andøy med sine vidstrakte myrer og spisse

fjell. Her kan du drømme deg bort i midnattsol (fra 19. mai til 25. juli). Denne reklamen må fjernes sier reiselivet selv. Her er det å merke seg at Reiselivsnæringen selv sier at det er skadelig. Da blir spørsmålet følgende: Er NVE bedre til å bedømme dette enn en samlet reiselivsnæring? NVE, utbyggerne og konsulentfirmaene viser hele tiden til ordføreren på Smøla. Hvilken reklame for naturbassert turisme er alle de havørnene som blir drept av vindturbinene på Smøla. Reportasjen "Engler med skit på vingene" vil gå på alle de store TV kanalene rundt omkring i verden. Den eneste form for turisme Smøla kan få i fremtiden er fisketurisme, der de har som mål å ta opp mest mulig fisk, for å ta med seg hjem. Det samme er for øvrig på Hitra. Dette er ikke bærekraftig reiseliv, da de allerede er måttet innføre restriksjoner på hvor mye fisk som kan tas med hjem. Alle seriøse undersøkelser har vist at reiseliv og vindkraftutbygging ikke kan leve side om side.



### **Konklusjon:**

**Reiselivet selv sier at den vanvittige planløse, bit for bit utbyggingen fører til ubotelig skade for reiselivet. Norge har "bare" natur å tilby, alt annet en turist måtte ønske seg finnes i andre land. Her er det ikke sol, sandstrender, store byer, lave priser som lokker, men en vakker og uberørt natur. Naturen, eller "råvaren" som mange etter hvert vil kalle det, må prissettes. I dag prissettes den til null. Dette må være fullstendig feil, da det er naturen som er det fremste salgsargumentet fra reiselivet. Da må naturen prissettes til vesentligste del av den verdiskapningen som reiselivet gir.**

**Andmyran vindkraftverk vil være svært negativt for dagens og morgendagens reiseliv.**

## **11 . Politiske føringar for satsing på fornybar energi i Norge**

I oktober 2006 overleverte det Regjeringsoppnemnde **Lavutsleppsutvalet** sin rapport NOU 2006: 18 – Et klimavennlig Norge .

Utvalet har her peikt på ein framtidretta strategi for å sikre landet vårt nok miljøvennleg energi , samtidig som vi oppfyller våre mål om reduserte klimautslepp. Utvalet gjev klare råd til korleis vi på ein realistisk måte kan nå våre mål om eit klimavenleg Norge.

I forhold til vindkraft, peiker utvalet mellom anna på *desse sentrale forholda*:

1. Dagens vindturbinteknologi er i det alt vesentlige utvikla gjennom dei siste 20 år, og kan på mange måtar framleis seiast å vere **umoden**. Side 84.
2. Offshore, flytande vindkraft bør inngå som ein viktig del av vår løysing for elektrifisering av sokkelen. Side 85 og 96.

**Vi vil gi ei sterk oppfordring til norske styresmakter om å bruke Lavutslepputvalet sin rapport aktivt i arbeidet med å redusere våre klimautslepp og sikre landet nødvendig energi.**

## 12 . Vindkraft kontra vasskraft og andre energikjelder .

Norge har på mange vis bygd opp sin moderne velstand rundt vasskrafta dei siste 100 åra. Før dette var elvane også ei viktig drivkraft for kværnhus, stamper, sagbruk etc. Dei siste 10-åra har det kome ein viss politisk distansering til vasskrafta, og tilsvarande glorifisering av vindkraft. Det vert ofte hevda får politisk hald at ” *all kraftproduksjon har negative miljøkonsekvensar*” . Dette er ikkje ei konstruktiv haldning , men heller ei unnskyldning og tåkelegging av eit viktig samfunnsproblem som vi no står midt oppe i her i landet. Nettopp det å ta denne debatten har vore utsett alt for lenge her i landet, og no nyttar det ikkje å tåkelegge det ved å hevde at det eine er like gale som det andre. Det *er* nødvendigvis ikkje slik. Vi må faktisk gjere visse valg, og det ER stor skilnad på konsekvensane ved det eine valget kontra det andre. Men ein må då skrape litt i overflata på dei enkelte tekniske løysingane for å sjå dette. Det er desse VALGA som vi no gjer framover som er avgjerande for miljøet og samfunnsutviklinga i Norge.

Ein må heile tida ha ei realistisk samanlikning av dei konkrete alternativa vi som samfunn har til å skaffe oss rimeleg og miljøvenleg energi , samt korleis vi skal bruke energien. Den vil alltid vere ein begrensande ressurs som ein ikkje skal sløse med. Det er ingen tvil om at **vindkraft på norsk landjord er sterkt kontroversielt**, og motstanden er også raskt aukande med aukande kunnskap og erfaring.

Også **biologisk brensel** har til alle tider vore viktig , og også her har pendelen svinga litt fram og tilbake. I dag er dei aller fleste samde i at det er fornuftig å ”fyre med ved” . Det er vel verd å merke seg at svenskane i dag produserer meir bio-energi ( elektrisk + varme) enn det vi i Norge produserer av elektrisk energi frå vasskraft. Og EU har valgt bioenergi som eit sentralt satsingsområde for sitt alternativ-energi-program dei neste 7 åra, nok eit signal til oss om at her har vi forsømt oss.

**Gass** har lenge vore eit slags fyord så lenge den er tenkt brukt innanfor norske grenser. Dette er i ferd med å endre seg .

Vi trur at dei aller fleste av oss er samde i at ” dei store vassdragsutbyggingars tid er forbi ” . Men det er ikkje det same som at vi ikkje kan bygge ut meir vasskraft. Det er stor skilnad på å deme opp store kunstige magasin, kontra det å utnytte dei mange sideelvane i dalføra våre . Då kan ein utnytte vatnet uten å deme opp, eller berøre hovedvassdraget som renn nede i dalbotnen. **Mikro, mini og småkraftverk** kan byggast på ein svært miljøvenleg måte, der ein utnyttar delar av vassføringa, og legg røra skjult i terrenget. Turbinhusa vert i dag ofte bygde som små hytter eller kværnhus som høver godt i kulturlandskapet.

NVE har nyleg kartlagt heile landet med tanke på eventuell småkraftutbygging, og har funne eit teoretisk potensiale på heile 25 TWh til utbyggingskostnad under kr 3 / Kwh. På mange stadar har det tidlegare vore kraftverk, men av ymse grunnar er desse ikkje i drift i dag. Desse bør no gjenoppbyggast.

Ein av dei store skilnadane mellom vindkraft og vasskraft, er at vasskraftutbygging ikkje er avhengig av subsidiering . Eit vasskraftverk er relativt enkelt konstruert, utan den kompliserte girkassa som vindkrafta er så avhengige av. Dette gjer at eit småkraftverk varer i mange 10-år , dei eldste i drift er nærmare 100 år no. Det er noko anna enn vindturbinar som havarerer etter den første orkanen .

**Vi har her laga ei oversikt over dei viktigaste alternativa vi i dag har.**

	Miljø-venleg?	Fornybar energi ?	Stabil kraft?	Utprøvd teknikk?	Økonomisk lønnsomt?	Visuell forsøppling?	Energi potensiale
<i>Bioenergi</i>	JA	JA	JA	JA	JA	NEI	STORT
<i>Geotermisk energi</i>	JA	JA	JA	JA	JA	NEI	STORT
<i>Gass til varme og transport</i>	JA	NEI	JA	JA	JA	NEI	STORT
<i>ENØK</i>	JA	JA	JA	JA	JA	NEI	STORT
<i>Minikraft</i>	JA	JA	JA	JA	JA	NEI	STORT
<i>Vindkraft</i>	NEI	JA	NEI	NEI	NEI	JA	uaktuelt
<i>Offshore Vindkraft</i>	ja	JA	Nei	NEI	?	NEI	STORT

**Figur 1 : VI MÅ VELGE Å TA I BRUK DEI BESTE ALTERNATIVA FØRST.**

### 13. Kraftproduksjon frå vind

NVE er opptekne av å skaffe ny miljøvenleg produksjon til landet vårt, og meiner at vindkraft skal verte ein viktig del . Hovedargumentet frå NVE er at ”Norge har i europeisk målestokk meget gode vindressurser.”

Viser i den samanheng til artikkelen frå professor Grønås , sjå vårt avsnitt 2, som peikar på at vindressursane i Norge faktisk er dårlegare enn i t.d. Danmark.

Vi vil peike på at vindkrafta er uberegneleg kraft som ein ikkje kan stole på frå den eine timen til den neste. Den produserer kraft når det bles passeleg sterkt, ikkje for lite vind og ikkje for mykje vind, og ikke turbulens.

Eit anna forhold er at når vi treng mest kraft i kaldebolkar av året, bles det ofte lite. Då er prisane også høge.

Lav el-produksjon i den del av året som skulle gi god inntjening frå vindkrafta, er ein av grunnane til at produksjonskostnaden ved norsk vindkraft vil verte høg, høgre enn dei tal NVE opererer med.

*Lavutsleppputvalet* refererer i sin rapport side 85, at Norsk Hydro sine kostnadar med produksjon av vindkraftenergi i Norge er **50-60 øre/ kWh**. Tall frå utlandet tyder på liknande produksjonskostnader der.

Den danske organisasjonen *SDE –Sammensluttede Danske Energiforbrukere*, rapporterer at dansk vindkraft i 2005-2006 hadde ein produksjon på 6000 GWh . Installert effekt er på 3320 MW. Dette betyr at dansk vindkraft berre produserer 20 % av sin teoretiske kapasitet. Eller med andre ord at dei kun produserer kraft i 20 % av tida .

Finansavisa rapporterer 30.1.07 at ” Danske strømkunder raser over at de må betale 1,7 Milliarder danske kroner i en støtteordning til vindkraft. Eierne av danske vindmøller tjener penger, og norske forbrukere får strøm til markedspris”. Gunstig for Norge med dansk vindkraft, men dyrt for danskane altså. Kanskje vi berre skal fortsette med det ?

**Vindkraftverk i Norge har til no vist seg å produsere langt mindre energi enn det ein på førehand har kalkulert. Kostnadane er undervurderte. Vi trur at dette også er tilfellet for Andmyran Vindkraftverk, som også vil ha svært kostbart grunnarbeid med masseutskifting i stor stil. Det er ikkje avklart kvar ein har tenkt å hente denne nødvendige massen.**

## 14. Forsyningsikkerheit og kraftballanse

Det norske kraftnettet er samkøyrte mot mellom anna Russland, Finland, Sverige, Danmark, og no også Holland.

I enkelte av desse landa er det allereie ein stor del vindkraft i drift, og desse forsøker alt i dag å eksportere sitt overskot av vindkraft til nabolanda, også til Norge. Det har vist seg ved fleire høve siste åra, at det sjølv i dag er overskot på vindkraftenergi i nord-europa – når det er mykje vind. Dette får store konsekvensar, ved at kraftnettet kan verte overbelasta og kollapse, som det har skjedd i Danmark og Sverige siste åra – pga vindkrafta.

Og bles det i Norge, så bles det mest truleg også i Danmark.

Dette får også ei negativ økonomisk betydning for dei som skal leve av vindkraft, sidan overskot pressar spotprisane heilt ned mot kr. null / kwh ! Danskane har til og med opplevd å måtte betale for å få eksportere vindkraft i perioder.

Ei opptrapping av vindkraftutbygging i Norge, vil forsterke denne situasjonen.

Vindkraftverk har også den eigenskapen at dei ikkje kan sjåast på som reservekraft. For det førte fordi den er avhengig av passe vind, men også fordi den er avhengig av at stamnettet er intakt . Ein vindturbin på Andøya kan med andre ord ikkje forsyne Andøya om straumforsyninga frå fastlandet skulle svikte.

**Desse forholda er etter det vi kan sjå ikkje vurdert av NVE, noko som er beklageleg.**

Andre ulemper ved prosjektet :

## 15 . Støy

Støy er eit alvorleg problem knytta til vindturbinar. Dei genererer over 100 dB, og lyden spreier seg gjennom lufta, og gjennom terrenget via tårn og fundament.

Oppfattelse av støy er ei relativ sak. Om du er vant med å bu i eit stille område, skal det lite til før du oppfattar store endringar i støybildet. Store delar av norskekysten, og Norge for så vidt, er så heldige å ha lite menneske- / maskin-skapt støy. Dette er ein stor kvalitet ved landet vårt.

Støyproblema har vore undervurderte i Norge, det kom tydeleg fram då vindturbinane på Fjellskår Vindpark ved Lindesnes vart tekne i bruk. Erfaringane frå mellom anna Smøla tyder på det same.

Støy var også utslagsgivande då ein vindturbin i Rogaland var pålagt av retten til å *stanse heile sommarhalvåret, samt på nattes tid i vinterhalvåret.*

Støy er eit vanskeleg teoretisk / teknisk fagfelt. Det er ikkje så enkelt å berekne i forkant. Men virkningane av støy er det enkelt å observere for kven som helst.

Den sitjande regjeringa har også pålagt seg sjølv å arbeide for å redusere støyplagene til folk, der dette er mogeleg. Men når vi no ser kva som er situasjonen knytta til støy frå vindturbinar, er situasjonen ein heilt annan.

Etter først å ha hatt eit regleverk for støy som også dekte vindkraftinstallasjonar, med ei grense på 37 dB(A), valgte våre myndigheiter å lempe på regelverket rundt støy frå vindkraft, slik at vi i dag *IKKJE har juridisk bindande* grenser, men **rådgivande** . Og dei rådgivande grensene er sett alt for høgt. Dette står i grell kontrast med myndigheitene si påståtte satsing på å redusere støyplagen for folk. Naboer til vindturbinar er her unntaket, av ein for oss uforståeleg grunn.

Eit tema som også dukkar opp kring støy frå store vindturbinar, er **lavfrekvent støy og infralyd**. Dette er støy som kan høyrast som ein buldrande dur, eller rystelsar.

Andøy Kommune skriv i sitt brev til NVE at dei forventar at støy og skyggekast frå anlegget held seg innanfor *lovlege grenser*. Problemet er at vi i Norge ikkje har slike "lovlege grenser". Det er fritt fram. Politikarane våre saman med byråkratane i NVE og SFT har avskaffa desse "lovlege grensene", ikkje fordi dei var unødvendige, men fordi dei har vore brysome for utbyggjar av vindkraft.

Ved innlevering av konsesjonssøknad 31.01.05 forelå en støyberegning utført av det danske selskapet Intercom og datert 12.01.05. De var med andre ord utført før de nye retningslinjene trådte i kraft. **NVE sier i sitt vedtak "Det aksepteres at støyutredninger som ble påbegynt før den nye retningslinjen trådte i kraft, gjøres av de gamle retningslinjene (s 38).** Av den grunn vil vi kreve at det gamle regelverket blir lagt til grunn for vurdering av støybelastning.

**Grenseverdien skal dermed være 40 dBA for bolighus og 35 dBA for fritidsboliger.**

En økning på 5 dBA tilsvarer en fordobling i støynivået.

Vi krever at støyutredningen utført av Triventus avvises og at Intercoms utredning legges til grunn.

**Nasjonalt mål for støy er 25% reduksjon innen 2010. Dette stemmer dårlig med at vi her får langt mer enn en fordobling av støynivået.** Et annet moment er at søker hevder at bakgrunnstøyen fra r. 82 vil øke terskel for aksept av vindkraftlyd. Dette er ikke riktig da støyen fra veien er minimal. Det er dessuten ikke foretatt trafikkmåling/støymåling som belegg for påstandene.

Før vedtak i Andøy kommunestyre, leverte daværende styreleder et notat til kommunen hvor turbinene ble lovet flyttet til minst 700m av hensyn til befolkningen og støynivået . I ettertid har det vist seg at dette er blitt reversert. **Andøy kommunestyre gjorde sitt vedtak etter feilaktige opplysninger.** Etter purring fra NVE svarer AV at nærmeste hus ligger 516 m fra nærmeste turbin, at det finnes 85 bygninger i intervallet 45-50 Lden og 23 hus i intervallet 40-45 Lden. Disse opplysningene står ikke referert i konsesjonvedtaket. Av de 85 husene i sonen 45-50 Lden, har svært mange en støyverdi som er så nær øvre grense at en **statistisk feilmargin** ville overføre huset til rød sone. Hadde det gamle regelverket vært benyttet, ville alle hus ha støy over grenseverdien dBA 40 (natt).

*NVE konstaterer at etablering av Andmyran vindkraftverk vil kunne medføre støy, men den vil ikke overskride grenseverdiene i retningslinjene for støy. Vi vil forlange at NVE i denne sammenheng benytter de gamle retningslinjene (se over).*

**Vi forventar at Regjeringa gjen-innfører ei øvre maksimal støygrense på 37 dB(A) for alle vindkraftanlegg, samt opprettar eit nytt nivå i dB(C) og dB(G) for å begrense den lavfrekvente støyen. Vi forventar at dette er ei av dei viktige sakane som Miljøverndepartementet ser på når dei no legg fram nye retningslinjer for vindkraft. Konferer gjerne med Støyforeninga .**

**Vi er difor sterkt usamde med NVE i deire konklusjon om at støy ikkje skaper problem for bebyggelsen på Andøya.**

## 16. Drikkevasskjelde

Sverigedalsvannet i fjellet vest for planområdet er Andøys hovedvannkilde. Vannet blir ført i ledning langs Breivik fjellvei til rense- og fordelingshus ca 100 m fra rv 82. Derfra føres rensset vann i rør nordover Andmyran til Andenes. Med andre ord flere km gjennom planområdet. Da grunnen vannledningen går gjennom er våt myr, ligger den flytende i myren. En uttørring av myren kan lett forårsake svakheter på vannledningen. Uhell på en eller flere turbiner vil medføre oljeutslipp. Det er meget stor fare for at drikkevannet blir forurenset. Dette er overhode ikke nevnt i vedtaket og derfor må konsesjonen trekkes tilbake.

**Anlegget representerer en vesentlig endring av risikobildet knyttet til vannforsyningen.**

## 17. Havari, ulykker, sikkerheit

Vi har sett ei rekkje eksempel både i Norge og i utlandet, at vindturbinar har havarert på ein slik måte at delar av eller heile konstruksjonen har dotte i bakken. Når fleire 100 Tonn store konstruksjonar dett i bakken, er det mange ting som kan skje, og vingar kan flyge med vinden langt bort frå turbinen.



**Iskastning frå vingane på turbinane ( roterer med ca 250 km/t i ytterkant) representerer også ein sikkerheitsrisiko, og vil medføre at store områder må avsperrast for all ferdsel .**

**Vi synest ikkje NVE har vektlagt sikkerheitsrissikoen godt nok, ei heller informert om farene for havari og ulykker i sin informasjon i forkant.**



## 18. Skyggekast og refleksblink

Dette utgjer også eit negativt trekk ved vindturbinar. Fenomenet oppstår når sola kjem mellom vindturbin og staden der folk oppheld seg.

Erfaringane frå Lindesnes , med mykje lav sol, seier at dette problemet er endå meir *utåleleg* for dei som får oppleve det, enn støy.

Kan oppfatast som at ein blits er retta mot deg over lengre tid.

På Andmyran legger NVE til grunn at svenske regler for skyggekast skal gjelde. Etter disse reglene skal verste tilfelle ikke overskride 30 timer i året (worst case) og forventet tilfelle 8 timer i året. De siste resultatene vedrørende Andmyran er oversendt fra Triventus til NVE uten beskrivelse eller forklaring til beregningene. Dersom en relaterer en forklaringene fra undersøkelsen på Røst (utført av samme firma og samme person) finner vi at beregningen for Andmyran overskrider alle retningslinjer med minst 3 ganger.

- Når det gjelder sannsynlighet for solskinn underer det oss at sannsynligheten for mars er det samme som for månedene med midnattssol. Dersom en undersøker antall soltimer for Bodø, finner en vesentlig flere soltimer i sommermånedene enn resten av året. For Andøy har vi ikke funnet slike data, men middels skydekke for juli 2005 (en måned med midnattssol) har lavere verdi enn resten av året. Det er grunn til å stille spørsmål til de meteorologiske data som er benyttet og som sier at det er like stor sannsynlighet for mars som for juli.

- Forventet antall skyggetimer varierer mellom 29,4 og 6,59 timer. Det siste gjelder for et hytteområde. Alle målepunktene langs rv 82 viser forventet skyggekast over 10 timer i året, avhengig av hvor mange retninger skyggen kan komme fra.
- Skygger pr dag vil variere fra 0.59 timer til 1.28 timer.
- Det er ikke vurdert for når på døgnet skyggekastingen foregår.

***“NVE konstaterer at skyggekast fra vindkraftverket kan medføre negative opplevelser for de som bor på Skjellneset, Breivik og Ramsa. Det er ingen bolighus som blir berørt med skyggekast over angitt grenseverdi i Sverige. NVE vurderer skyggekast til å medføre ulemper på et akseptabelt nivå.”***

**- Dette er direkte feil. Alle boliger har skyggekast langt over svenske regler.**

NVE mener tydeligvis at de som bor i området skal tåle faktisk skyggekast nær 30 timer i året. Svenske regler er på 8 timer, og samtidig opp mot 1,5 timer skyggekast dager med sol. Disse dagene kan folk på Andøya sitte på uteplassen sin, i le for de kalde øst til nordøstlige vindene og “kose” seg med ettermiddagskaffen, mens de “nyter” 1,30 timer med skyggekast. **Vi mener at hele beregningsresultatet som er utført av en medeier i Andmyran Vindpark (Triventus), må avvises. Dette kan umulig være kvalitetssikret.**

I bakgrunnen for vedtakene for Fakken og Tysvær, vurderes også skyggekast. I disse tilfellene kan teoretisk skyggekastet for enkelte hus være noe over 30 timer, og det diskuteres flytting av enkelte turbiner. En ender likevel med at skyggekastet er akseptabelt. På Andmyran er både teoretisk og faktisk skyggekast mer enn 3 ganger det som er godkjent i Sverige. Hvorfor behandles søknadene forskjellig på dette området? I beste fall kan dette betraktes som manglende kompetanse og gir NVE mulighet til å omgjøre vedtaket.



**Vi etterlyser eit norsk regelverk . I praksis må avstand mellom bebudde områder og vindturbinar aukast kraftig. Det er uhaldbart å plassere turbinane så nær folk som vi ser i dette prosjektet.**

## **19. *Fleksible vindkraftkonsesjonar -***

NVE synest åpenbart at det å bygge vindkraftverk er så viktig for landet vårt, at dei må ha ein stor grad av fleksibilitet i prosessen, heile vegen frå planane vert lagt ut for dei som bur i området, og heilt fram til den dag anlegget har fått konsesjon og skal byggast.

Vi krev at prosessen vert køyrt langt meir konkret, både med hensyn til plassering i terreng, type vindturbinar ( høgde), og veitrassear etc.

*Fleksibiliteten* slik NVE no praktiserer den, er einsidig knytta til utbygger sine interesser, ikkje

naboar til anlegget, ei heller naturinngrep, fugl etc.

**NVE skal også koordinere lovverket i Plan og Bygningslova – og Energilova. Etter vårt syn utøver NVE no ein praksis som sterkt favoriserer Energilova i vindkraftsaker. Både lovgjeving, praktisering, nasjonal planlegging og konsesjonshandtering må etter vårt syn no endrast, før nye konsesjonar vert gitt.**

**Argumentasjonen som NVE brukar for å få aksept for denne filosofien, er etter vårt syn ikkje haldbar. Konsekvensane er alt for store til det.**

## **20. Konklusjon for befolkninga på Andøya**

Dersom vindkraftverket etableres etter planen, må lokalbefolkningen reise fra hjemmet sitt eller ut på Andfjorden for å finne et rolig sted. Mange, særlig eldre mennesker blir fanger i sine hjem. Dette vedtaket minner om et overgrep mot den delen av den norske befolkningen som valgte å bosette seg i bygdene.

Vindkraftutbyggingen på Træna fikk avslag i stor grad på grunn av nærhet til bebyggelsen og for høyt støynivå. Støyen ble regnet ut etter gamle regler. Det ble vurdert flytting av møller for å skåne befolkningen. Det ville gi lavere lønnsomhet for anlegget. I dette tilfelle gikk tvilen befolkningens vei og utbyggingen fikk avslag. På Andmyran sier NVE at flytting eller fjerning av turbiner vil gi dårligere lønnsomhet. Derfor konkluderes verst mulig for befolkningen og konsesjon til utbyggingen blir innvilget, selv om det blir en meget stor belastning på en større befolkningsmengde enn på Træna.. **Noe har skjedd med tankegangen i NVE siden avslaget på Træna i 1999.**

**Konklusjon er at vindkraftverket på Andmyran vil gi uholdbar belastning for befolkningen og må derfor avvises.**

## **21. Fjerning av anlegget.**

NVE har tenkt på ei viss sikkerhet frå utbyggjar med hensyn til sikkerheit for kven som skal bere kostnadane med demontering av anlegget når det ikkje lenger er i bruk.

NVE skriv mellom anna at ” I løpet av 12. driftsåret for vindkraftverket, skal tiltakshaver legge frem et konkret forslag om dette. ”

Vi kan ikkje sjå nokon grunn til å vente i 12 år med å få framlagt ein slik økonomisk garanti. Det er ikkje på denne måten ein sikrar seg i eit industriprosjekt av denne storleik, og med ein innebygd økonomisk risiko som vi har gjort greie for i avsnitt 2.

**Garantien må framleggast før byggearbeidet startar, elles er den verdiløs.**

## 22. Luftfart og Forsvaret sine interesser, merking

Andmyran vindkraftanlegg vil ligge få km fra andenes militære og sivile flyplass. NVE forutsetter derfor at turbinene blir merket etter forskriftene. I henhold til disse skal rotorbladene ha lys farge eller annet som gjør dem synlige. Hindre over 150 m skal merkes med høyintensitetslys på toppen og lavintense lys hver 75 m nedover. *Høyintensitetslyset skal være blinkende med en blinkfrekvens på mellom 40 og 60 pr minutt.* De skal også være rundstrålende. Dersom det er flere høyintensitetslys pr hinder skal disse blinke i takt. I og med at vindkraftverket er langstrakt, at de skal merkes i ytterkant av området, at møllene er over 150 m og at alle vingene merkes, vil det bli *et svært tydelig lysorgel i mørketiden.* Vi stiller også spørsmål med trafiksikkerheten og at dette også vil bli svært synlig fra kommunens tettsted Andenes. Den visuelle forurensingen fortsetter dermed også i mørket.

**NVE har ikke vurdert hvordan dette vil påvirke befolkningen særlig i den mørke årstiden. Vi frykter at dette forholdet i seg selv utgjør en belastning for folk i området som de færreste kan forestille seg, og er i seg selv er grunn god nok til å stanse prosjektet.**

## 22. Konesjonsprosessen.

Det er vår oppfatning at den måten konsesjonsprosessen har vore køyrt på i dette prosjektet, utgjør ein risiko for våre nasjonale interesser på fleire områder.

### **Medvirkning.**

NVE og tiltakshavar har etter vår vurdering ikkje lukkast med å få til ein høyringsprosess tufta på medvirkning frå berørte partar i ein vidare forstand. Vidare er NVE sin definisjon av influensområde utilfredsstillande for denne type anlegg, og medfører at naturleg berørte partar og nabokommuner, ikkje vert involvert i konsesjonsprosessen.

### **Landskapsvurderingar.**

NVE har etter vårt syn ikkje vist lokal innsikt i vurderingar knytta til dei verdiane området representerer på landskapssida.

### **Prioriteringar knytta til plassering i landskapet.**

NVE har på ein einseitig måte fokusert på ei maksimal energiutnyttelse av ein antatt vindressurs på Andøya. Det vert på ingen måte reist kritiske vurderingar rundt hensyn til eksponering i landskapet, og ved å plassere gigantiske roterande konstruksjonar tett inn på eksisterande bebyggelse. Dette utgjør ein praksis som sjølv danske myndigheiter har forlate for mange år sidan.

### **Kjøp av lokal og kommunal aksept.**

Tiltakshavar har signalisert at det kan vere tale om å betale enkelte berørte partar for ulemper ved tiltaket. Økonomisk kompensasjon for tiltak som normalt ville vere i sterk strid mot gjeldane norske lover og regelverk, er etter vårt syn urovekkjande.

## 23 . Oppsummering.

NVE sin konklusjon til å gi Andmyran vindkraftverk konsesjon er et stort overgrep mot en befolkning som med stort flertall tidlig markerte sin motstand. Angsten for å miste hjemmene sine er tydelig. Når en ser hvilke belastninger befolkningen blir påført, er dette enestående i alle sammenhenger. En har ikke funnet noe sted i Europa hvor det godtas så stor samlet menneskelig belastning som på Andmyran.

Store inngrep på myr gir store utslipp av CO<sub>2</sub>, metangass og lystgass. Når formålet med inngrepet er sagt for å minske utslippet av klimagasser, er dette meningsløst. Norge diskuterer nå begrensning av klimagasser i Norge om det skal være 20 % før 2020. Et inngrep i myr gir motsatt effekt i den nasjonale klimagassbalansen. Utslippet til Andøytorv har den samme effekten.

Inngrepet viser også at NVE ikke hensynstar de miljømessige ulempene på noen plan.

NVE bør også nøye studere NOU 2006:18 fra Lavutsleppsutvalet.

## Stopp rasering av Kysten

[www.vernkysten.no](http://www.vernkysten.no)

er ein ideel upolitisk organisasjon som arbeider for å informere folk og myndigheter om konfliktane knytta til utbygging av vindkraft i Norge. Vi har 18 lokale grupper rundt om i landet, frå Troms i nord til Lista i sør.

Med venleg helsing

*Landsorganisasjonen*

*Bevar Andmyran*

**STOPP** rasering av Kysten

Tilslutta **STOPP** rasering av Kysten



Hallvard L. Slettevoll  
leiar

Bjørnar Nicolaisen  
leiar Andøya